




*Ha ei velsigna
påskehogtid!*

Kyrkjebladet for VAKSDAL

81. ÅRG. / NR. 1 - 2026



Fasteaksjonen
24. mars

Side 5

**Påske-
vandring**

Side 10-11

**Vegen-
sidene**

Side 12-16



www.kyrkja.no/vaksdal

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL

Kyrjekontoret for Vaksdal

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys. og ons. kl. 11-14

Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold

Mobil 97 69 75 62. / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Fredrik Hope Sjukemeldt

Vikarprest Roar Strømme Ut juni

Mobil: 97 03 77 37 / E-post: rs466@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Dale, Eksingedalen, Bergsdalen
og Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Kyrkjelydspeagog Kristin Straume Normann

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Kantor Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Frode R. Vik

Mobil: 95 26 20 84 / E-post: fv586@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Kyrkjelydssekretær Martin V. Kvamsøe

Tlf. 56 59 39 20 / E-post: mk279@kyrkja.no

Samtale med presten?

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

Informasjon

om gudstenester mmm m finn du på

kyrkja.no/vaksdal og skjerikyrkja.no

GATEADRESSER:

Bergsdalen kyrkje: Bergsdalsvegen 1065

Dale kyrkje: Kyrkjegata 1

Eidsland kapell: Eidslandsvegen 2014

Eksingedalen kyrkje: Søralsvegen 10

Nesheim kyrkje: Nesheimsvegen 31

Stamnes kyrkje: Grupevegen 19

Vaksdal kyrkje: Vaksdalsgarden 34

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Kyrkjeleg fellesråd 94073

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111



Stoff til neste nummer må vera kome inn til fredag 5. juni.

Bilete på framsida: Frå altartavla i Nesheim kyrkje

Nytt år med kyrkjebladet

Bladet du no held i hendene er eit resultat av mykje godt arbeid frå medarbeidarane her på kyrjekontoret, og frå medlemmane i soknerådet som deler ut bladet på dugnad slik at du får det i postkassen. Bladet vert delt ut til alle hushaldar i kommunen fire gongar i året og er gratis. Me i kyrkja veit at det er mange som set pris på bladet og les dette. Me prøver å ha forskjellig stoff som kva vekke interesse hos fleire en berre den «vanlege kyrkjegjengaren» (Kva no det måtte vera?). Som de veit nyttar me også bladet aktivt til å informere om stort og smått av aktivitetar som skal være i kyrkjene.

Sjølv om bladet er gratis for lesarane, og dugnadsinnsatsen med å lage og dele ut bladet er stor, både i staben ved kyrjekontoret og i sokneråda, er det ikkje heilt gratis å lage. I 2025 brukte kyrkjeleg fellesråd ca 140.000 kr på å lage bladet etter ca 50.000 i gåve og annonseinntekter sit me igjen med ei utgift på 90.000. For eit lite fellesråd er dette ein god del pengar. No skal de seiast at me nyttar jo mykje av kyrkjebladet til eigenreklame og hadde me skulle gjort all denne reklamen i kommersielle kanalar hadde det fort vore dyrare.

I bladet sitt sumarnummer og julenummer pleier me å legge ved ein giro. Me er svært glade for dei gåvene som kjem inn. Men ser samtidig er det ikkje tvil om at me treng meir inntekter om me skal få dette til å gå i null. Noko som har vore målsettinga i fleire år. Om du ynskjer å være med å støtte arbeidet vårt tar me gjerne imot stønad på

VIPPS nr 8025363

Om du les dette og eig ei bedrift som ynskjer å bli annonsør, er det berre å ta kontakt med undertekna.

Bjart-Magnus N. Rosvold, Kyrkjeverje i Vaksdal

Fellesrådsleiar:

Elisabeth Verpelstad, tlf. 40 89 53 24 /

e-post: elisabeth.verpelstad@icloud.com

Soknerådsleiarar:

Bergsdalen: Kari Kristin Hopperstad Rødland, tlf. 97 79 19 43

Dale: Eli Leiren, tlf. 99 32 53 53

Eksingedalen: Kari Brørvik, tlf. 99 48 59 18

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Tove Margrete Nordmark, tlf. 99 64 23 17

Den norske kyrkja si heimeside: www.kyrkja.no

Björgvin bispedømme si heimeside: www.kyrkja.no/bjorgvin

Bibelen på nett: www.bibel.no

KYRKJEBLADET FOR VAKSDAL

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Avgiftsfritt.

Bladpengar: kr 250,-

Bankgiro: 3500.07.05800

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal

Grafisk utforming: Wenche Horvei

Kasserar: Vaksdal Kyrkjelege Fellesråd, boks 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: RK Grafisk, tlf. 99 21 42 00

Retur til: Kyrjekontoret for Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

Kyrkjeblader frå 1971 og framover kan lesast på: kyrkja.no/vaksdal

Heile året! Heile livet!

«Jula vare heilt til påske» vert det sunge. Men påska, då? Kor lenge varar ho? Jo: Heile året. For ikkje å seie: Heile livet! Påska går ikkje ut på dato. Påska har ikkje best før-dato. Og påska varar mykje lenger enn brunfargen ein får i påskesola. Ei samanlikning kan vere at me gjerne kan hugse ei påskeoppleving heile livet.

Det kan vere ein minneverdig påskeferie eller ekstra fin skitur. Det kan vere fellesskapet med andre eller andre hendingar knytt til påska. Nokre av mine gode – og gamle – påskeminner er å vere på leir som barn. Det var eg til dømes på Det Norske Misjonsselskap sin leirstad i Årdal i Ryfylke. Det er minner som varer. Og ikkje minst ei tru som framleis er det – jamvel om leirstaden ikkje eksisterer lenger.

Det som verkeleg varar – og har æveleg verdi – er den påske-hendinga som gjer at me snart skal feire påske att. Då er det påskeferie for mange og fleire «raude» dagar i løpet av veka enn elles i året. Dette er dagar med sterke budskap om død og liv. Altså ikkje om «liv og død», men det motsette: Frå død til liv! Påskehendinga var starten på ei ny tid. Starten på eit nytt fellesskap. Starten på ein ny relasjon, ein ny sjanse. Påskedagen var – og er – starten på eit håp.

Kva var det som hendte, då? Jo: Gud fullførte sin mangeårige plan om å rive ned stengsla mellom oss og han. Planen vart «fullført», for å nytte Jesus sin ord på krossen slik evangelisten Johannes skriv det. Men det stoppa ikkje der! Det gjekk ikkje ut på dato: For Jesus vart levande att. «Sto opp» som me seier – med svært så kvardagslege ord på ei historisk hending. Gud sin plan for å fjerne trusselen om æveleg død var fjerna. Så avgjerande var det då Jesus vart levande att, at apostelen Paulus seinare skriv at viss Jesus ikkje er stått opp er alt kyrkja driv på med og forkynner ein stor svindel.

Men: Korleis skal nokon greie å tru dette? For det er jo utruleg? Utenkjeleg? For oss er det nok slik, ja. For dei som ynskjer å få del i trua på ein levande Jesus Kristus er det likevel hjelp å få. Den kan vere å delta i gudstenestene – les gjerne meir om påske sine gudstenester midt i denne kyrkjebladet. Det kan vere å lese i Bibelen, høyre forkynning elles i kyrkjer og bedehus, høyre på



Frå veggteppe i Vaksdal kyrkje.

vitnemål frå nokon som trur, syngje salmer. Det kan jamvel vere å ta del i den fysiske markeringa det er å ta imot nattverden. Ja, våge å sleppe Jesus inn i livet, Han som vart levande og framleis lever.

Slik får me høyre det i gudstenestene 1. påskedag (Lukas 24, 5-8):

«Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? Han er ikkje her, han er reist opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: 'Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.»

God påske - heile året!

Helsing Frode Kvamsøe

Min salme

«Du som låg i natti seine», eller «Salme» som Jakob Sande kalla den i utgjevinga «Storm frå vest» frå 1931 er Sande sin andre salme i salmeboka. Den er tonesett i salmeboka av Ragnar Tesdal og Rolf Karlsen. «Storm frå Vest» var Sande si andre utgjeving og den spenner vidt i innhald og form, men som all dikting Sande stod for er dikta melodisk utforma med gode enderim heile vegen. Sande var ein folkeleg diktar som kunne skildra det meste. Samstundes hadde han i seg ein lengt mot noko fast å halda seg til, og salmen her er eit døme på det der den siste strofa er ei bøn om hjelp til å tru.

For meg har Sande alltid vore ein favoritt, heilt frå me hadde Sandeprosjekt på Stamnes skule med Magnar Helland på nittitalet. Seinare har eg ofte nytta dikta hans i ulike samanhengar. Ein finn dikt

frå Sande til dei aller fleste høve. Sjølv om eg ikkje er ein veldig aktiv kyrkjegjengar i dag er salmeskatten me har i Noreg viktig for meg, og det er alltid herleg å få vera i ei av dei flotte kyrkjene i Vaksdal og syngja. Påsketida som me nærmar oss no har nokre av dei vakraste salmane i mine øyrer, og øvst for meg er «Du som låg i natti seine». Tekst og innhald er kanskje det viktigaste for mange når det gjeld salmar, men for meg har det alltid vore melodiane som har festa seg fyrst og som betyr mest. For denne salmen må eg likevel utanfor melodiboka for å finna den finaste melodien, tykkjer eg.

Fred Ove Reksten sin versjon av denne salmen er nydeleg, og eg synest melodien hans er den som framhevar teksten til Sande på den beste måten.

Du som låg i natti seine

Nors salmebiok nr. 138 | T: Jakob Sande 1931 | M: Rolf Karlsen 1973/ Ragnar Tesdal 1975

1 Du som låg i natti seine
Sorgtung vanvørd og aleine
Skjelvande på såre kne
Du som skåli trufast tømde
medan alle dine rømde
Stridsmann frå Getsemane

2 Du som spotta vart og banna
Kront med klungerkrans om panna
Medan augo brann i sorg
Du som stod i namnlaus pine
Skild frå dei du kalla dine
Einsam i Pilati borg

3 Du som hekk til krossen nagla
Medan blodut sveitte hagla
Frå di panne då du sa:
«Fader, kvifor gjekk du frå meg?»
Å lat nådens blodstraum nå meg!
Offerlamb frå Golgata

4 Lær mi sjel kor du laut lida
Syn meg såret ditt i sida
Styrk og nør mi veike tru
Syn meg dine merkte hender
Så eg frelst mitt auga vender
Opp til deg på krossen du

Med ynskje om ei god høgtid i vente, sender eg utfordringa vidare til Lars Ragnvaldsen, som har gjort ein enorm innsats for å fremja salmesong i Vaksdal.

Helsing Eirik Straume Normann



REINT VATN: Endeleg kan innbyggjarane i landsbyen drikke reint vatn. Det gir betre helse, og jentene får meir tid til skule. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon er eit viktig bidrag. Foto: Kirkens Nødhjelp.

FAKTA:

Kirkens Nødhjelps

fasteaksjon er:

- Noregs nest største bøsseaksjon etter TV-aksjonen. Pengane som blir samla inn, går til Kirkens Nødhjelps arbeid over heile verda.
- Over 40 000 frivillige bøsseberarar frå om lag 1200 norske kyrkjelydar i heile landet.
- To veker før påske. Aksjonsdagane i 2026 er 22.–24. mars.
- Temaet er: Håp i ein drope vatn.
- I 2025 blei det samla inn om lag 36 millionar kroner. Etiopia
- Kirkens Nødhjelp har vore til stades i Etiopia sidan 1974.
- Plassering: Aust-Afrika, på «Afrikas horn».
- Innbyggjarar: 132 millionar.
- Hovudstad: Addis Abeba.
- Religionar: Etiopisk-ortodoks kristendom, protestantisk kristendom, islam, lokale religionar.

Reint vatn har endra livet

Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon gir livsviktig støtte til menneske som treng det. For Tsion og Gaba har livet endra seg: Landsbyen deira har fått tilgang til reint, rennande vatn.

Tsion (12) og Gaba (13) smiler breitt medan klart vatn fossar ut av krana ved vassposten ved elveleiet. Det går raskt å fylle kanna, og ikkje minst: Vatnet er reint.

Nyleg endra alt seg for familiane her i landsbyen Kutishafa i South Omo sør i Etiopia. Kirkens Nødhjelp har bidrege til reint vatn her. Norske kyrkjelydars innsats i Kirkens Nødhjelps fasteaksjon kvart år bidreg til dette arbeidet.

Tidlegare måtte jentene grave med berre hendene for å finne vatn under sanden i elvebotnen. Det tok lang tid, og dei fekk lite vatn. Sidan vatnet var ureint, vart mange ofte sjuke. Jentene rakk ofte ikkje skulen etter å ha henta vatn om morgonen, og mista verdifull undervisning.

Kirkens Nødhjelp har skaffa vatn her saman med den lokale partnaren Action for Development (AFD).

Systemet er enkelt, men effektivt: Ei demning og ein brønn med ein vasspost.

– Som regel kjem det regn i to månader, så ikkje meir. Elles i året er det tørt på overflata i elveleiet. Vi laga ei demning slik at når regnet kjem, stansar vatnet her, fortel Gedewon Teka, vasseksperter ved Kirkens Nødhjelps landkontor i Etiopia.

Ved demninga spreier vatnet seg i alle retningar under jordoverflata. Vatnet blir filtrert inn

i ein brønn like ved, gjennom sand og jord. Ei handpumpe er montert på vassposten.

– Sand og jord er eit perfekt filter. Mikrobar blir fjerna når vatnet blir filtrert gjennom sanden, og vatnet blir klart. Dette er reint vatn. Og vatnet er tilgjengeleg heile året her no, seier Gedewon.

Tekst: Åsne Gullikstad

Foto: Håvard Bjelland

Det er håp i ein drope vatn! Bli med på Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon

Slik kan du bli med i Vaksdal: I Dale, Stamnes og Vaksdal sokn:

Bøssebærarane kjem på dørene **tysdag 24. mars frå kl. 17.00.**

I Bergsdalen, Eksingedalen og Nesheim sokn: **Takkoffer i gudstenestene i påska.**

Du kan og gje pengar via Vipps: 2426

- Meiningsfylt å ha eit arbeid der eg får gjere ein skilnad

Heidi Rongved frå Boge – eller «Bogo», som det skal seiast – har eit langvarig engasjement for samfunnet.



ENGASJERT:
Heidi Rongved har eit stort samfunnsengasjement.

Ho har jobba i fengselsvesenet, vore politisk aktiv, og er med i det kyrkjelege arbeidet for å nemne noko.

– *Korleis hamna du i soknerådet, Heidi?*

– Eg vart spurt av Tove Margrete Nordmark om å stå på lista ved kyrkjevalet i 2019. Ho må ha spurt på ein god dag, for eg sa i alle fall ja! Eg skulle ut av politikken same hausten, så eg tenkte: «Eg kan prøve dette og». Og Heidi kom såleis med i soknerådet for Vaksdal sokn.

– Det har vore lærerikt. Det går mykje i å organisere kyrkje-kaffi og å vere kyrkjevert når det er gudstenesta, men og andre oppgåver som soknerådet har eller tek på seg.

Heidi er òg Vaksdal sokn sin representant i Vaksdal kyrkjelege fellelsråd.

– Der ser eg meir av heile kommunen, og kva som skjer rundt om i bygdene. Folk er meir deltakande i dei små bygdene enn i dei store – i alle fall i høve folketalet i sokna.

– Det vert nok ei utfordring å finne nok folk til sokneråda. Så ein må nok ha meir samarbeid i framtida, og kan hende slå saman sokna.

Heidi budde på Vaksdal dei fyrste åra sine. Då ho var fire år flytta familien til Bogo, og dei vart etter kvart fem sysken. Etter nokre år bygde dei hus på Haugsbø, som det heiter nett der.

– Det var ikkje veg dit då. Foreldra mine lånte eit spel som dei to frakta alt til huset opp med – både byggevarer og inventar. Det kom heldigvis veg dit etter nokre år.

Det har vore store endringar på Bogo frå oppveksten hennar på 60-talet.

– Då kunne me spele kanonball midt på vegen, og det gjekk lenge mellom kvar gong det kom ein bil så me måtte flytte oss.

Heidi budde heime til ho var 20 år. Seinare utdanna Heidi seg til fengselsbetjent, og kom i 1987 attende for å jobbe på «Øyne». Ho bur no i barndomsheimen sin.

– På Ulvsnesøy var det ein ungdomsklubb, der ungdomane på Vaksdal var saman med ungdomane på øya.

– Den klubben var årsaka til at eg valde det yrket som eg har. Der fann eg ut at eg ynskte å arbeida med og for menneske

som ikkje hadde det like godt som meg. Det kjennest meiningsfylt å ha eit arbeid der eg får gjere ein skilnad.

Heidi var med i Vaksdal kommunestyre i 12 år.

– Eg har alltid vore interessert i politikk. Til dømes var eg med i ein såkalla studiesirkel for ungdom i regi av Raud Ungdom. Tidleg på 90-talet meldte eg meg inn i Arbeidarpartiet. Så var eg ute av partiet ei stund før eg i 2011 vart spurt om å stille til val i kommunestyret for Arbeidarpartiet. Då meldet eg meg inn att, var plassert på 2. plass på lista, og vart valt inn.

Heidi har hatt sete både i kommunestyret og i formannskapet.

– I formannskapet fekk eg fylgje dei fleste sakene til kommunestyret heilt frå byrjinga av.

Heidi kom med i eldre-rådet som politisk representant. Ho er framleis med der, no

som representant for Vaksdal pensjonistlag. Ho er og med i Røde Kors Omsorg på Vaksdal, og i styret for Senioruniversitetet, som vart oppretta hausten 2024.

– Me har møter ein tysdag føremiddag i månaden, med ulike tema og føredragshaldarar. Neste møte er 24. mars, med Harald Stanghelle. I sommar håpar me å få til eit medlemsmøte i Eksingedalen, med utanriksminister Espen Barth Eide.

– *Kva tenkjer du det er som skapa eit godt samfunn?*

– Tryggleik er ein grunnpilar. At du kjenner folk rundt deg og helsar på dei, og jamvel helsar på dei du ikkje kjenner. Og eit teikn på eit dårleg samfunn er einsemd. At du ikkje kjenner menneska rundt deg.

Tekst: Frode Kvamsøe



Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 22.-24. mars

**DET ER HÅP I
EIN DRÅPE VATN**
VIPPS til 2426





frå "NYSTEMT I NØSTEBODEN"
JON MARTIN SKAUGE
DAG FOR DAG
KONSERT

VAKSDAL KYRKJE **søndag**
26.april
kl 18:00

billett kr 350,- ved inngang
 førehandssal på www.hoopla.no



DET SKJER I BEDEHUSA VAKSDAL BEDEHUS

Storsamling søndagar kl. 11.00:

22. mars, 19. april, 10. mai, 31. mai

Søndagsskule i kjellaren kl 11.30 dei same dagane.

Føremiddagstreff torsdagar kl. 11.30

med andakt, song og musikk, matpause m.m.

Kollekt til Vaksdal Indremisjon. Alle er velkomne!

19. mars: Gjester: Torhild Stav Skare, Bjørg Stormark, Karl Magnus Valle

23. april: Gjest: Reidun Skurtveit

Bibeltime ved Asle Hetlebakke torsdag 9. april
 kl. 19.00

Basar fredag 1. mai kl. 16.00

Bønesamling kvar måndag kl 19.00

Bibelgruppe anna kvar torsdag kl 19.30
 i oddetalsveke

DALE BEDEHUS

Møter onsdagar kl. 19.00:

18. mars: Tale ved Arnfinn Norheim

15. april: Tale ved Solveig Hosøy

20. mai: Tale ved Anita Solbakk

10. juni: Tale ved Reidun Skurtveit



**KELTISK
 SALMEKVELD**

Torsdag 19. mars kl. 19
 i Vaksdal kyrkje

Me høyrer om kristenarven vår
 frå dei britiske øyane
 og syng salmar etter keltisk tradisjon.

Vikarprest Roar Strømme
 fortel

Kantor Ruben Gjertsen
 spelar

Velkomen!

Vaksdal sokneråd



Måndagskaffi
 i
 konfirmantrømmet
 i Vaksdal kyrkje

Kvar måndag
 er kaffien klar
 kl 12.00
 Vel møtt!

Vaksdal sokneråd



Valentinsdag i Bergsdalen

I haust gjekk Bergsdalen sokneråd ut med tilbod om å vigsel i kyrkja på sjølvaste Valentinsdagen 14. februar.

Spennings var stor: Ville nokon kome til Bergsdalen å gifte seg den dagen?

Det ville dei! Seks par meldte inn at dei gjerne ville bli gift der og då, og vigslane kom på rekke og rad kvar heile time frå kl. 11. den dagen.

Somme par hadde med seg

nokre få gjester, andre hadde over tjue. Somme hadde middag på Bergsdalstunet etterpå, andre markerte dagen meir i det stille (men feirar kan hende litt større til sommaren?). Sokneråd og prest er godt nøgde med dagen, og det verkar som at brurepara og er det!

VALENTINSDAGEN: Lina Eide Vågen og Sivert Skulstad var eitt av para som gifta seg denne dagen. Ho er frå Vaksdal, han frå Trengereid, og dei bur i Åsane. Foto: Sokenrådet

Kyrkjekjellaren i Bergsdalen er blitt ny

Kjellaren i Bergsdalen kyrkje vart utsett for lekkasje like før jul 2024, og lekkasjen gjorde stor skade.

Golv måtte rivast opp og leggjast på nytt, nye røyr måtte leggjast, og delar av kjøkkenet måtte fornyast. Ute måtte det gravast ute for å hindre at det kom nye lekkasjar inn.

Arbeidet har vore tidkrevjande, men seint i fjor haust var arbeidet gjort. Kjellaren er fornya med maling og møbler som ein arva frå Dale bedehus. Alt sto klart til Valentinsdagen, og kjellaren vart nytta til mottaking for brurepara og opphaldsrom for gjester og andre som trengte det.



NY KJELLAR: Ny, flott kyrkjesimal i Bergsdalen kyrkje. Foto: Kyrkjebladet

JA: Ei høgtideleg stund. Foto: Sokenrådet



KONSERTAR I VÅR

Langfredag, 3. april 10.30 i Dale kyrkje
Orgelresitasjon ved Ruben Gjertsen

Søndag 19. april kl. 17.30 i Dale kyrkje
Orgelresitasjon ved Ruben Gjertsen

Pinsedag, 24. mai kl. 10.30 i Dale kyrkje
Orgelresitasjon ved Ruben Gjertsen

Laurdag 6. juni, under Daledagane:
Jebsahuset: Kilden syng
Dale kyrkje: Orgelkonsert ved Ruben Gjertsen

OPEN KYRKJE PÅ DALE

Laurdagar kl. 12.00-14.00

28. mars

25. april

23. mai

ÅRSMELDINGANE

Årsmeldingane til kyrkjelydane finn du på heimesida vår: kyrkja.no/vaksdal

Referat frå sokneråd vil og bli lagt ut der etter kvart.

BASAREN PÅ STAMNES 12. FEBRUAR

Det er blitt ein tradisjon at Soknerådet på Stamnes i samarbeid med Stamnes barnekor, held basar i bedehuset i februar. Barnekoret avsluttar korsesongen til vinterferien, og siste ordinære øvingsdag er blitt basardag. Koret syng, me har ein liten andakt, og så er me kjempeklare for åresalg og basar! Undervegs er det sjølvsagt innlagt bolle- og -kake-pause, saft og kaffi.

På tross av diverse virusar og «byer» som har florerert på ettervinteren, vart det om lag fullt hus - me var 77 store og små i bedehuset - og bra stemning. Barnekor-deltakarane var ivrige hjelparar med å springa med gevinstar. Basar er populært, og gevinstane gjekk ut som seg «hør og bør». Og resultatet vart fantastisk flott! Tusen takk til alle som gav gevinstar, både private, og rause bedrifter som støtta positivt.

Tusen takk til barnekoret, til dykk som baka, til alle som tok lodd og deltok på basaren!

Og til deko som ikkje vann: Ny sjanse neste år!

Stamnes og Eidsland sokneråd



KJØKKEN: Delar av kjøkkenet er fornya. Foto: Kyrkjebladet

Påskevandring i liv og tru

Dagane frå palmesundag til 2. påskedag femner det meste i livet og trua vår. I Vaksdal femner dei og heradet ved at gudstenestene er lagde til dei ulike kyrkjene. Ved å krysse grensene mellom sokna får me såleis del i fullnaden i denne viktigaste veka i kyrkjeåret. Samstundes får me oppleve desse unike kyrkjebygga, med kvar sitt vakre særpreg, som me har i Vaksdal.

Velkomen til påskevandring!

PALMESØNDAG:

Ein annleis herskar

Dale kyrkje: Vegen-gudsteneste kl. 11.00

Eksingedalen kyrkje: Vegen-gudsteneste kl. 16.00

Palmesundag feirar me til minne om Jesu inntog i Jerusalem, der jublande folkemengdar hylla han som den nye kongen. Snart skulle det vise seg at dette var ein annleis konge, som ikkje herska med makt og mynde, men ved å gje seg sjølv til menneska.

Gudstenestene denne dagen er særskild lagt til rette for born. Slike gudstenester brukar me å kalle Vegengudstenester. I Dale kyrkje denne dagen vil me ha borna særleg i fokus. Det vert såleis både barnedåp og born vil vere aktørar i gudstenestapå ulikt vis. Men også Eksingedalen legg me opp til ei barnevenleg gudstenestefeiring.

ILLUSTRASJON: Lars Tothammer.



SKJÆRTORSDAG:

Måltidet til liv og fellesskap


Stamnes kyrkje: Nattverds-gudsteneste kl. 11.00

Vaksdal kyrkje: Nattverds-gudsteneste kl. 19.00

Skjærtorsdag feirar me til minne om at Jesus samla sine til det siste påskemåltidet, der han innstifta nattverden, til tru og fellesskap. Når me samlast i Stamnes og Vaksdal kyrkje denne dagen, vil me såleis både minnast og feire nattverden. Før gudstenesta i Stamnes, frå kl 10, vert det felles frukost i kyrkja. I Vaksdal vert det kveldsmat etter gudstenesta.

ILLUSTRASJON: Frå den gamle altartavla i Stamnes kyrkje.





ILLUSTRASJON: Teppe laga av Berit Pettersen, og som heng på Daletunet.

LANGFREDAG:

Livgjevande liding

Dale kyrkje: Orgel-resitasjon kl. 10.30

Pasjons-gudsteneste kl. 11.00

Langfredag er Jesu krossfestings og lidingsdag. Me samlast såleis til ei stillferdig, men symbolrik, pasjons-gudsteneste. Slik minnest me kva Jesus var viljug til å gjennom for vår skuld. Dette er like vel ikkje berre ein sørgjedag. Den engelske nemninga for langfredagen, "Good friday" – den gode fredagen – minner oss om kva Jesus vann oss gjennom lidinga si. Før gudstenesta, frå kl 10.30, vert det spela pasjonsmusikk.

ILLUSTRASJON: Frå altartavla i Eidsland kapell.



PÅSKEDAG:

Sigersfesten!

Nesheim kyrkje: Høgtids-gudsteneste kl. 11.00

Stamnes kyrkje: Høgtids-gudsteneste kl. 11.00

Bergsdalen kyrkje: Høgtids-gudsteneste kl. 18.00

Påskedagen er Jesu oppstodedag, då me feirar at Jesu sigra over synd og død for oss. Difor er dette den største dagen i kyrkjeåret, og opphavet til all kristen tru og gudstenestefeiring. Såleis feirar me denne dagen med stor glede og mykje festivitas. Kyrkjene vil vere pynta med påskeliljer, og festmusikk og festsong vil prege gudstenesta.

ILLUSTRASJON: Frå altartavla i Bergsdalen kyrkje.





Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvsagt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



Lys Vaken i Dale Kyrkje

Ei helg i starten av februar var det Lys Vaken i Dale kyrkje, og heile 16 av årets elleveåringar som overnatta i kyrkja. Laurdagen var dei gjennom ulike aktivitetar, og førebuing til gudstenesta. Sundag morgon starta dei med frukost i kyrkja, og under gudstenesta var dei fleste borna involvert på ulikt vis. Dei verka til og med lys vakne, trass sikkert litt mindre søvn enn vanleg! På gudstenesta fekk òg årets elleveåringar frå Dale sokn utdelt Nytestamentet.



LYS VAKEN: Frukost sundag morgon.

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

Me er godt i gong med baby – og småbornssong vekselvis på Dale og Vaksdal på onsdagar. Det har vore ein fin gjeng med små og store som har sunge og leika saman, og praten går fort og lett etter sjølv songstunda. Veldig kjekt at dette kan vera ein møteplass for småbornsforeldre òg.



FIN GJENG: Kjekk songstund på baby- og småbornssong.

Knøttesong på Dale, Vaksdal og Stamnes



KNØTTESONG: Borna likar såpeboblene.

I vår har me òg hatt knøttesong for born 1-5 år på Dale og Vaksdal onsdagar. Det varierer kor mange som kjem, og det er alltid liv og leik og god song uansett kor mange me er. Det er tydeleg at mange har vore innom fleire gongar, og blitt trygge på songane me syng saman. Kjekt! Me har òg hatt Knøttesong i Allaktivetshuset på Stamnes nokre laurdagar for born 0-5 år. Monica frå soknerådet er med, og har kjøpt ei stor såpeboblemaskin, så det blir heilt såpeboblebonanza, til glede for både små og store!

Generasjonssong på Vaksdal og Dale

Me har gjennomført nokre rundar med generasjonssong på Jamnetunet på Vaksdal og Daletunet på Dale. Me kjem med teppe, leikar og såpebobler, og syng oss gjennom vande og tradisjonelle barnesongar, saman med dei eldre på heimane. Det har vore kjekt og gjevande, og fine møte mellom dei yngste og dei eldste i bygdene! Dette er eit samarbeid med Maren i Frivillighetssentralen i Vaksdal, og me får mykje godt å bita i etterpå.

GENERASJONSSONG: Song skapar god stemning på tvers av generasjonane.



Barnekor på Stamnes, Dale og Vaksdal

Stamnes barnekor avslutta sesongen sin for denne gong med å syngja på basar i Stamnes bedehus 12. februar. Før det hadde me hatt øvingar kvar torsdag, og sunge på fleire tilstelningar, både på gudstenester og andre ting. Nokre av kormedlemane reiste i januar på Barnekorfestival i Ytrebygda kyrkje i Fana. Det var ei stor oppleving å syngja i kor saman med nesten 100 andre born og ungdommar! Me har òg starta opp barnekor for born 6 år og oppover på Dale og Vaksdal som ei forlenging av onsdagstilboda våre. Håpar at det kan vera kjekke tilskot i bygdene, det har vore koselege samlingar til no!



BARNEKOR: Lystenning med nokre av medlemane i Vaksdal barnekor.



KVA SKJER PÅ VEGEN VIDARE?

29. mars



Borna sin påskefest på Dale og i Eksingedalen

Sundag 29.mars planlegg me gudsteneste med Borna sin påskedag i Dale kyrkje (klokka 11) og Eksingedalen kyrkje (klokka 16), der alle er velkomne. Gjennom ulike postar vert ein ført på ganske konkret vis gjennom sentrale dagar i påska. Etterpå er det påskeeggjakt og hobbyaktivitet for dei som vil!

14. mai



Gudsteneste på Skipshelleren

På Kristi Himmelfartsdag pleier det vera gudsteneste i fjordkanten ved Skipshelleren på Straume. Det vert fyrst ei enkel utegudsteneste som er ekstra tilpassa borna. Om det er stygt vær er det ingen problem, for då har me gudstenesta under helleren der me sit tørt. Etterpå er det grilling av pølser, og leikar for både små og store. Dette pleier å vera ein kjekk dag for dei som tek turen, så me håpar fleire nyttar høvet i år!



Til deg som går i 1.-5. trinn

VELKOMEN

til barnekor!

Onsdagar kl 18.30-19.30

Dale bedehus:

11. mars, 25. mars, 8. april, 22. april, 6. mai, 20. mai

Vaksdal kyrkje:

4. mars, 18. mars, 15. april, 29. april, 13. mai, 27. mai

De kan koma begge stadar om de vil! Og det er ikkje krise om de går glipp av nokre gongar, kom når de kan.

Barnekor er songglede, rytmar, gode ord og vakre tonar. Me varmar opp stemmene, lærer nye songar, syng kjende songar, lyttar eller leikar oss gjennom ei forteljing frå bibelen, og leikar etterpå.

Fint om dei yngste har med foreldra, i alle fall dei fyrste gongane.

Kora kjem til å syngja på nokre gudstenester tilpassa born.

Arrangør: Kyrkjene i Vaksdal, ved kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann, som leier kora, og organist Ruben Gjertsen som er med av og til.



Til deg som går i 5.-7. trinn

VELKOMEN

til Etter skuletid!

Onsdagar kl 14.00-15.00

Vaksdal kyrkje: 4. mars, 29. april, 27. mai

Dale bedehus: 11. mars, 8. april, 6. mai

Kom innom etter skulen til ein trygg plass å vera. Her får du litt mat, ofte pølser eller liknande. Me kan spela eller gjera ulike hobbyaktivitetar, eller gjera lekser om de vil, eller så berre sit me rundt bordet og pratar ilag.

Kjekt om du kjem!

Arrangør: Kyrkjene i Vaksdal, ved kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann, som alltid er med på Etter skuletid.

Frå trusopplærar til kyrkjelydspedagog



Etter ti år som trusopplærar har eg no fått ein ny tittel: kyrkjelydspedagog. Men i praksis handlar det mykje om det same som før: å skapa trygge møteplassar i kyrkja. Onsdagane er kanskje den dagen det merkast best. Då fyllest Vaksdal kyrkje eller Dale bedehus av liv gjennom heile dagen og kvelden.



Først kjem dei aller minste på Baby- og småbornsong, så er det Etter skuletid for dei som går på barneskulen eller Mellomrom for dei som går på ungdomsskolen, deretter Knøttesong

med born i barnehagealder, og til slutt barnekor for dei som har byrja på skulen. Det betyr at eg får tilbringa mykje av arbeidsdagen min med å syngja, leika,

prata med born og ungdom og foreldre deira – og eg får til og med betalt for det!

Eg jobbar med å revidera og fornya den pedagogiske planen vår, og satsar endå meir på å laga lavterskel jamnlege møteplassar. Det går litt på bekostning av noko av dei årlege tiltaka, der nokon av dei blir fasa ut. Men målet er at kyrkja kan vera lett å stikka innom ofte. Ein stad der ein kan koma som ein er. Midt i songane, leikane og praten prøver me også å dela litt av det

som er kjernen i kyrkja: at kvart menneske er verdifullt, og at Gud er nær – også i heilt vanlege dagar.

Kyrkja skal ikkje vera ein stad ein må passa inn for å koma til. Ho skal vera ein stad ein kan kjenna seg heime. Og viss du ein onsdag ettermiddag høyrer song, latter eller litt ustrukturert rytme frå kyrkja eller bedehuset er det berre å koma innom!

Helsing Kristin

Til deg med born 0-5 år

VELKOMEN

til Baby- og småbornssong kl 11.30-13.30
og Knøttesong kl. 17.00-18.00!

Desse onsdagane:

Dale bedehus: 25. februar, 11. mars, 25. mars, 8. april,
22. april, 6. mai, 20. mai

Vaksdal kyrkje: 4. mars, 18. mars, 15. april, 29. april,
13. april, 27. mai

Dette er sanserike, enkle samlingar tilpassa aldersgruppa, med songstund fyrst og leik og prat og enkel servering etterpå (kaffi/te og frukt). Ta gjerne med niste! Me syng mest tradisjonsrike, kjende barnesongar, og samlingane er sjølvstøtt opne for alle uansett tru og tilhørsle! Me håpar det kan vera ein fin møteplass for både småborn og foreldre deira. Bli gjerne med i denne facebookgruppa for meir informasjon:



Arrangør: Kyrkjene i Vaksdal, ved kyrkjelydspedagog Kristin Straume Normann

De er òg velkomne til Generasjonssong på eldresentera

kl 11.00-12.00 Jamnetunet på Vaksdal desse fredagane: 27. mars, 24. april,
22. mai, 26. juni,

Daletunet på Dale desse tysdagane: 14. april, 9. juni.

Generasjonssong er arrangert i samarbeid med Vaksdal frivilligsentral.

Til deg som går i
8.-10 trinn:

VELKOMEN TIL MELLOMROM

i Dale bedehus
desse onsdagane
kl 14.00-15.00:

25. mars, 22. april, 20. mai

i Vaksdal kyrkje
desse onsdagane
kl 14.30-15.30:

18. mars, 15. april, 13. mai

Kom innom etter skulen til ein plass å vera saman. Her får du litt mat, ofte pølser eller liknande. Me har frukt og te/kakao/vatn. Me har òg ulike spel og liknande viss de vil gjera på noko, men de kan også berre sitja og prata.



Arrangør: Kyrkjene i Vaksdal,
ved kyrkjelydspedagog
Kristin Straume Normann,
som alltid er til stades på Mellomrom.



Barnas



Gi bladet Barnas
til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvane er
henta frå bladet.

Bestill abonnement
på sondagsskolen.no
eller 22 08 71 00

Finn 5 feil

Desse to bilda er nesten heilt like. Klarar du
å finne 5 feil på det eine bildet?



Teikning: Trevor Keen



Vits:

- Driv du med sport?
- Ja, eg speler sjakk.
- Det blir du vel ikkje sliten av!
- Jo, eg blir heilt matt.



Hemmeleg melding til agentar

Bruk agentalfabetet for
å tolke meldinga.


73797 37 423 6333

Det mystiske agentalfabetet:

7 3 7 9 7 3 7 4 2 3 6 3 3 3
A B C D E F G H I J K L M N O P Q R S T U V W X Y Z Æ Ø Å

Labyrint

Sakkeus var ein av dei som møtte
Jesus då Jesus gjekk omkring på
jorda. Hjelp Sakkeus
med å finne vegen
gjennom
treet.



Teikningar: Asbjørn Tønnesen

Vits:

- Mamma sa eg måtte velje mellom skulen og fotballen.
- Det var då kjipt!
- Ja, eg saknar klassen litt.





SKULE: Mange til skulestart!. Foto: Kauto TV

Kuron

– eit lyspunkt i eit land som fungerer dårleg.

Eit år etter siste besøk var sikkerheitssituasjonen igjen slik i Sør Sudan at det var akseptabelt for meg å besøkja Fredslandsbyen Kuron. Det vart eit nyttig og positivt besøk, men avslutninga var vel spanande då ein tidlegare tilsett hadde arrangert at eg skulle bli arrestert.

Ved hjelp av gode vener vart arrestasjonen avverja og reisa heim gjekk som planlagt.

Skulane hadde oppstart dei fyrste dagane av februar. Då kom lærarar og elevar tilbake etter juleferie. Ein heil del elevar kjem langvegs frå. 146 elevar vart transporterte til Kuron. Desse køyrde på dårlege

«vegar» 230 km, om natta pga. varmen, og kom med mat, personlege eigedelar, nokre tilsette og lærarar - alt dette fordelt på to lastebilar!

Den norske støtteforeininga starta ei innsamling før jul til skulepengar for elevar frå sjølve

Kuron, for familiar som ikkje har råd til skulepengar. Det er no registrert 50 elevar som treng slik støtte. Vi har så langt samla inn skulepengar for 25 born (500 kr per barn per år).

Det var ei stor glede å besøkja Fredslandsbyen. Dei tilsette under leiing av Lokii Eliah, er positive og engasjerte og gjer ein god jobb i ein krevjande og utfordrande situasjon.



MÅNDAGSKAFFI: Måndagskaffi 2. mars 26. Per Nordmark fortel frå Kuron.

Kyrkjebøker i Vaksdal


Kyrkja i dalen (2008)

Nesheim kyrkje 100 år. 111 sider

NY PRIS kr 150,-

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Dei bygde draumen (2005)

Jubileumsskrift for Bergsdalen kyrkje

50 år. 220 sider. **NY PRIS kr 100,-**

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Kyrkjestaden Dale

(1996) 100 år, 104 sider

Kr 50,-

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Soga om Stamneskyrkja (1986)

229 sider **Kr 50,-**

Jubileumshefte for Stamnes kyrkje

Kr 100,- (Perioden 1986-2011)

Vil du ha ei bok eller fleire?

Kontakt Kyrkjekontoret.



Laurdagsgraut 18. april kl. 13.00:





Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

ARNPRO

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

ATLANTIS

VVS & INTERIØR

Din lokale rørlegger i Vaksdal

95 97 17 00



DALETEC

Sæterdal Elektro

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 565943 00



SparebankenVest

– satsar på Vestlandet

Tlf 56 59 39 00 - www.spv.no



Alt innan tømrararbeid

Tlf. 922 65 739
post@falkangerbygg.no



Falkanger Bygg er
forhandlar av Idehus
[Sja Idehus.no](http://SjaIdehus.no)

AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

Vangen Elektriske

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstrøm
- Alarmanlegg
- Brannvarsling
- Teleinstallasjonar
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 - www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

- Selskap
- Levering av mat
- Minnesamvære

Tlf. 93 213 213

PRELUDIUM 2

Du kan kjøpe boka her:

Petersens Handleri
 # Dale kyrkje
 # Kyrjekontoret
 # www.zeth.no



LIVETS GANG



DØYPTE

Stamnes

22.02 Gabriel Thorsø Simmenes



VIGDE

Bergsdalen

14.02 Kjell Erik Midtrød og
 May-Therese Nøkleby Anderson
 14.02 Sivert Skulstad og Lina Eide Vågen
 14.02 Jørgen Dalseid og Veronika Heimdal
 14.02 Ørjan Welanders Magnussen og
 Kjersti Thom Fosse
 14.02 Trond Vedå og May Helen Berge Espevik
 14.02 Marius Tangen og Elisabeth Karstensen



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Dale

13.11 Anne-Lise Vaksdal 1960
 10.12 Kjell Håkon Rolland 1942
 17.12 Eva Guldberg 1937
 19.12 Evy Bjørnberg 1951
 12.02 Raymond Faugstad Rørgård 1987
 21.02 Ruth Kirsten Olsnes 1934

Eksingedalen

04.02 Kjell Dagfinn Lavik 1959

Stamnes

25.08 Arvid Rådal Nielsen 1943
 17.11 Aase Vik 1934
 22.01 John Magne Berntzen 1951

Vaksdal

06.01 Bjarnhild Grenasberg 1940
 19.02 Nils Olav Dalheim 1946

Vaksdal

BLOMSTER OG
BEGRAVELSESBYRÅ

- omsorg ved livets slutt -

DITT LOKALE BYRÅ SIDAN 1984

DØGNVAKT: 56 59 74 70

WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO

NORDHORDLAND
BEGRAVELSESBYRÅDitt lokale
gravferdsbyrå

AVD. VAKSDAL

ALLTID HER FOR



Ann-Elin M. Gullbrå



Marit M. Alvheim

DØGNVAKT 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Me har lokalt kontor i Botnavegen 18, 5722 Vaksdal

Di annonse her?

Kontakt Tlf. 56 59 39 20 /
 kyrjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Hjelp barn i
hjem med rus

90.000 barn i Norge vokser opp
 i hjem med rus. Med din støtte kan
 vi hjelpe flere familier som strever!



Gi din gave
 på Vipps 936679

TRENGER DU NOKON
Å SNAKKE MED?



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 22. mars - Maria bodskapsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.

Søndag 29. mars - Palmesøndag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Borna sin påskefest! / Vegen-gudsteneste. Normann og Strømme. Dåp.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 16.00. Borna sin påskefest! / Vegengudsteneste. Normann.

Torsdag 2. april - Skjærtorsdag

STAMNES KYRKJE Kl. 10.00: Frukost i kyrkja v/soknerådet.

Kl. 11.00: Nattverds-gudsteneste. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE Kl. 19.00: Nattverds-gudsteneste. Strømme.

Kl. 20.00: Kveldsmat i v/soknerådet

Fredag 3. april - Langfredag

DALE KYRKJE Kl. 10.30: Orgelresitasjon. Gjertsen

Kl. 11.00: Pasjons-gudsteneste. Strømme.

Søndag 5. april - Påskedag

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Eksingedalen. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stamnes og Vaksdal. Strømme.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00. Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

Måndag 6. april - 2. Påskedag. Ingen gudsteneste i Vaksdal

Søndag 12. april - 2. søndag i påsketida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.

Søndag 19. april - 3. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 17.30 Orgelresitasjon. Gjertsen.

Kl. 18.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 26. april - 4. søndag i påsketida

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Fredag 1. mai - Offentleg høgtidsdag

DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme. Song av Dale Mannskor.

Søndag 3. mai - 5. søndag i påsketida

DALE KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Kvamsøe.

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Strømme og Normann.

Søndag 10. mai - 6. søndag i påsketida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Konfirmasjon. Strømme og Normann.

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe.

Torsdag 14. mai - Helgetorsdag

SKIPSHELLEREN (Stamnes) kl. 12.00. Friluftsgudsteneste / Vegen-gudsteneste. Strømme og Normann.

Søndag 17. mai - Grunnlovsdagen

VAKSDAL KYRKJE kl. 10.00. Festgudsteneste. Strømme.

DALE KYRKJE kl. 10.30. Festgudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00. Festgudsteneste. Kvamsøe.

EIDSLAND KAPELL kl. 12.30. Festgudsteneste. Strømme.

Søndag 24. mai - Pinsedag

BERGSDALEN KYRKJE Kl. 11.00. Konfirmasjon.

DALE KYRKJE kl. 10.30. Orgelresitasjon. Gjertsen.

Kl. 11.00. Felles høgtidsgudsteneste for Dale, Stamnes og Vaksdal.

Søndag 25. mai - 2. pinsedag. Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 31. mai - Treeiningssøndag. Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Søndag 7. juni - 2. søndag i treeiningstida

FITJAVATNET / NORDVIKSÆTER kl. 12.00. Fitjavsstemna.

Vogel (Samnanger).

DALE KYRKJE kl. 16.00. Daledags-gudsteneste. Kvamsøe.

Søndag 14. juni - 3. søndag i treeiningstida

NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.

Søndag 21. juni - 4. søndag i treeiningstida

VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Strømme.

FAGERTUN LEIRSTAD kl. 12.00. Fagertunstemna. Kvamsøe m/fl.

*Oppdaterte opplysningar om gudstenestene finn du her:
Anonsar i lokalavisa same veka, på plakatar, på kyrkja.no/
vaksdal og på skjerikyrkja.no*

Ta kontakt med kyrkjekontoret ved ynskje om dåp.



Døype barnet - eller bli døpt sjølv?

Ver velkomen til dåp!

Ta gjerne kontakt med oss:

Telefon: 56 59 39 20

Epost: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Post: Postboks 113, 5721 Dalekvam

Kom innom: Fabrikkvegen 3 på Dale

Heimeside: www.kyrkja.no/vaksdal

Tidlegare fekk me melding om alle nyfødde,
og kunne sende innbyding til dåp.

No får me ikkje lenger den informasjonen,
og kan difor ikkje sende innbyding direkte.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkjelydane i Vaksdal